

Veum vassverk  
Veum  
3870 Fyresdal

22.08.17

Til  
NVE  
Konsesjonsavdelinga  
e-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no)

**UTTALE I SAMBAND MED SMÅKRAFTPAKKE FYRESDAL FRÅ NVE – NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT**

Veum vassverk v/ styret viser til annonse i Telemarksavisa 01.06.17 om Småkraftpakke Fyresdal og "Søknad om løyve til bygging av 4 småkraftverk".

**Uttale frå Veum vassverk gjeld Bjørnstadåi kraftverk, søkjar Småkraft AS.**

Veum vassverk er eit privat vassverk med totalt 35 abonnentar. Veum vassverk tek vatn frå dette området.

Det ligg føre tinglyst avtale (tinglyst 07.05.1953 som ligg vedlagt) der Veum vassverk har tinglyst rett til å grave springvassveite og legge inntaksbrønn på Veum gnr. 85, bnr. 1, noverande grunneigar er Olav T. Veum. Det vil sei at Veum vassverk tek vatn frå dette området.

**Kort informasjon om Veum vassverk.**

Overflatevatn renn i frå oppkome og ned i brønn tilhøyrande Veum vassverk. I tillegg har Veum vassverk vatn i frå borehol i dette området. Vatnet går så i røyr med forgreiningar til totalt 35 abonnentar.

Hovudledning og stikkledningar blei lagt nytt i 2006 der utgiftene blei fordela på abonnentane. I 2016 blei bora borehol i dette området.

Kva konsekvens kan ei eventuell utbygging få for Veum vassverk med totalt 35 abonnentar?

Styret i Veum vassverk har eit ansvar for at abonnentar tilknytt Veum vassverk ikkje må kom ein den situasjon at området vi tek vatn frå blir tørrlagt.

Kva blir konsekvensen dersom området blir tørrlagt?

Vi går ut frå at det blir laga ei konsekvensanalyse ved ei slik type utbygging.

Styret i Veum vassverk ber om at det blir teke omsyn til dette i den vidare saksbehandlinga av saka då vi ikkje ser oss i stand til å ordne med ny vassforsyning til abonnentane dersom vi mistar vasstilførselen.

**Vedlegg:** Tinglyst avtale av 07.05.1953  
Abonnementliste for Veum vassverk

STYRET I VEUM VASSVERK

  
Bjarne Mandt  
Formann

  
Arnfinn Dale  
Kasserar

  
Olav Åge Dale  
Sekretær

Kopi: Fyresdal kommune, sektor for plan og teknikk. Klokkarhamaren 6, 3870 Fyresdal

Torleiv Haug

Utskrift

av pantebok for Vest-Telemark sorenskriverembete forsaavidt angar dokument tinglyst 7/5-1953.

E r k l æ r i n g .

Underskrivne Olav Veum som er eigar av garden Veum gnr 85 bnr. 1 i Fyresdal ,vedgar hermed at eg har gjeve Veum Vassverk rett til å grava springvassveite og leggja inntaksbrunn på min eigedom , etter den plan som Veum Vassverk har utarbeidt .

Veum den 20/4-1953.

Olav Veum.

Som vitne :

Eg samtykkjer i dette :Annveig Veum .

Magne Rennestraum.

Sofie Rennestraum .

-----

Rett utskrift . Gebyr kr.2,-avgjort ved stempelmerke.

Vest-Telemark sorenskrivarembete den 10/4-1956.

*Optimistisk*



Han hak.

Olav Vinn har gjeve  
Vinni massverk løyve til å  
grave springvass veite og  
innkasshinder på sin eigdom.  
Vinn gir 85 lmr. 1. Vinn mass-  
verk forpliktar seg til:

1. Å halde denne brønn  
farsvareg tildekt slik at den  
ikkje er farleg for menneske  
for falk eller fe.

2. Å grave denne grønt slik  
at den gjer minst  
mogleg skade på skog  
og skogsveggar.

3. Å betale Olav Vinn og  
sinnare eigarar av garden  
Vinn kr 20.- for fe skader  
i arleg vederlag for skade  
og ulempe.



